



Søskena Bjørn Lengfelder og Anvor Espeland Ersdal møttest første gong på Bryne stasjon. FOTO: PÅL CHRISTENSEN

## Det året Anvor fekk ny bror

JÆREN

**2013 vil alltid bli spesielt for Anvor Espeland Ersdal (64) frå Klepp og Bjørn Lengfelder (71) i Fredrikstad. Det er året dei vart bror og søster.**

–For meg var det berre stort. Det var som å koma heim, seier ho.

Det var den dagen Norge fekk ny regjering. 16. oktober, grytidlig, stod Anvor Espeland Ersdal på perongen på Bryne med rose i handa. I tankane hadde ho alt anna enn den nye statsministeren som om få timar skulle koma ut på slottsbakken. Ho skulle nemleg sjølv få ny bror.

–Det har gått strålende etterpå, fortel ho. Dei hadde nokre dagar å bli kjende på før broren måtte reisa vidare.

– Me er begge revmatikarar, og vil venta med neste møte til det har vorte lysare og varmare i veret. Men då vil me vera klar. For dette har gitt livet ein ny dimensjon. Familien hans og alt. Det er berre gildt..

Inntil vidare snakkast dei og sender e-post og har kontakt på Facebook.

–Eg har ikkje angra ein dag at eg prøvde å finna familien min, slår ho fast. Historia har også gitt henne mange andre opplevingar.

–Folk eg gjekk med på handelsskulen og andre eg ikkje kjende i det heile, har tatt kontakt. Folk kjenner meg igjen frå bileta i avisa og snakkar til meg. Ja, det er også nokon som har fått mot av vår historie til å prøva å finna sin eigen familie.

Anvor hadde leita lenge. Ho tok kontakt med både fylkesmann og departement. Ho prøvde Tore på sporet, kyrkjebøker og nettet og fekk tips av Foreningen Adopterte.

Ho var ikkje store jenta då ho kom til familien sin på Kleppe. Der voks ho opp som den yngste av tre, og hadde det godt. Ho fekk vita at ho var adoptert, men ikkje mykje meir.

Ein dag før jul i fjor kom det eit rekommandert brev til mor hennar i Oslo. Anvor søkte dei. Broren Bjørn svara via fylkesmannen. Slik starta kontakten. Bjørn Lengfelder veit sjølv korleis det er å vera på leit etter familien sin. Han er krigsbarn og måtte kjempa for å få vita kven faren i Tyskland var. Men no kunne ikkje mora sitt hemmeleghald halda dei to frå kvarandre lenger. Dei har også ei søster som kanskje Anvor kan trefa ein dag.

REIDUN GUDMESTAD  
reidun.gudmestad@aftenbladet.no

